



Overnatting under Norges Vestlegaste o-løp 25. – 27. april.

Askvoll IL inviterer til 3 dagars o-løp i fantastiske omgjevnad på Bulandet og Værlandet.

I tillegg inviterer Førde IL Orientering til O-leir for born 8-12, ungdom 13-18 og eldre ungdom 19-25.

I den samanheng så har arrangøren reservert overnatting til o-leiren på Værlandet Gjestehjem og Bubilparkering. Det er og moglegheit for å reservere ytterlegare eit hus til overnatting om mange melder seg på.

På Gjestehjemen er det følgande rom:

Rom 1: Dobbelseng og køyeseng. Plass til 4 personar.

Rom 2: Dobbelseng (smal) Plass til 2 personar.

Rom 3: Dobbelseng (smal) og køyeseng. Plass til 4 personar.

Rom 4: Køyeseng. Plass til 2 personar.

Rom 5. To køyesenger, eine nedst som smal dobbelseng. Plass til 4+ 1 personar.

Rom 6. Dobbelseng og køyeseng. Plass til 4 personar.

Rom 7. Dobbelseng. Plass til 2 personar.

Fellesrom med soveplass til 10-15 personar.

Fellesområde:

To trivelege opphaldsrom med sofagrupper.

Stor matsal til fellesmåltid

Felleskjøkken godt utstyrt, samt nokre spissplassar.

Toalett og fellesdusjar.

Uteområde med ballbinge og sandvolleyballane + sitteplassar.

Stort uteareal for parkering av bubil, campingvogner og til telt.

Om det blir stor pågang etter overnatting, så har dei også eit hus med 3 dobbeltom og eit enkeltrom.

Link til Værlandet Gjestehjem [HER](#), med oversikt over romma og prisar.



Opplegget rundt o-leir er ikkje klart endå, men det vil bli ein eigenandel pr deltakar på kr 250,- for overnatting, felles kvelds fredag, alle måltid laurdag og frukost + lunsjmatpakke søndag.

Øvrige deltakarar betaler for overnatting etter prislista til Gjestheimen alt etter type rom ein har.

Det vil bli fellesmåltid for alle som bur på Gjestehuset. Dette på grunn av organiseringa på kjøkkenet, samt fordeling av utgiftene til mat. Det er mogleg for dei som bur i bobil etc. å delta på fellesmåltida. Utgifter til felles måltid blir delt på antall deltakarar.

I tilfelle det skulle bli mange som ønsker overnatting, så er vi derfor tidleg ute med påmelding slik at vi kan reservere meir plass om nødvendig.

Send mail til knuteh@hotmail.com med desse opplysningane om du/de vil ha plass til overnatting:

Namn

Type rom /dele rom med.

Evt. om ein kjem med bobil/campingvogn/telt

Om ein ønsker å delta på fellesmåltid (gjeld kun for dei med bobil/campingvogn/telt)

Overnatting frå fredag til laurdag, laurdag til søndag, eller begge netter.

Meir info om o-leiren, opplegget rundt felles overnatting og løpa kjem seinare.

Alle som melder på vil få info pr. mail, ein kan og følge med på krinsen sin heimeside eller klubber sine heimesider/Facebook.

Så det er «første til mølla» prinsippet på påmelding om det skulle bli stor pågang. Og deltakarar på o-leiren er uansett først i køen.

Vi set første påmeldingsfrist til 15. januar for å prøve å få tidleg oversikt på kor mange som ynskje overnatting. Etter dette vil Hordaland også få invitasjonen om der er ledige plassar.

Med helsing

Knut Even Hole

Førde IL-Orientering